

Dialogforum i Uskedalen?

20.12.2007



Prosjektleiar Kristian Bringedal ynskjer synspunkt på korleis ein skal halda fram det positive arbeidet som er gjort i Uskedalen dei siste åra. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ved årsskiftet blir det sett punktum for Bygdeutviklingsprosjektet som har vara i to år og eit svært aktuelt spørsmål er kva som skal skje vidare.**

Under eit avsluttande møte i november vart det vidare arbeid med gode tiltak drøfta og drøftingane held fram under årsmøtet i Uskedalen Utvikling utpå vinteren. Då vil det bli teke ei avgjerd om korleis ein skal arbeida framover til beste for bygda.

Under møtet i i november kom det fram ein tanke som prosjektleiar Kristian Bringedal tykkjer er god. Det var å erstatta dei mange gruppene under Bygdeutviklingsprosjektet med eit dialogforum. Det skal ha sine faste møte og drøfte aktuelle saker og tiltak. Ansvaret for vidare arbeid blir på denne måten løyst der og da. Nokon i forumet vert tillagt ansvaret med å bringe sakene vidare.

Men Bringedal strekar under at styret i UU må ha eit overordna ansvar. Det kan sjølv sagt delegera til ei prosjektgruppe å kalla inn til møte i dialogforumet og ha eit grep om det som skjer. Prosjektgruppa må også søkja om midlar der dei finst. Bringedal er takksam om nokon sender han synspunkt på korleis ein skal halda fram det positive arbeidet som er gjort i Uskedalen dei siste åra.

Av Ola Matti Mathisen